

Handlingsplan etter selskapskontroll av Bybanen AS

I sak 97/2020 i kontrollutvalet, vart det vedteke oppfylgjingspunkt etter selskapskontrollen i Bybanen AS. Her fylgjer status for oppfylgjingspunkta som avdeling for mobilitet og kollektivtransport har ansvar for.

Eigarstrategien og det formelle rundt eigarstyring er på plass.

Avtalestrukturen er utvida til ein viss grad, for å sikre god styring og effektiv ressursutnytting.

Forhold som krev endring i samhandlinga mellom VLFK og BBAS er identifisert, og vil saksbehandlast der det er nødvendig.

Det står att få på plass ein avtale mellom BBAS og Skyss, og denne må komme til sist i arbeidet, etter at øvrig avtalestruktur er på plass. VLFK sin rolle i dette arbeidet er å fasilitera prosessen og gje nødvendige avklaringar slik at partane skal kunne utforme avtalen seg i mellom.

Tilråing	Tiltak	Ansvarleg	Status
1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS	Avklare ansvarsdeling mellom den sentrale eigarskapsforvaltninga og avdeling for mobilitet og kollektiv som fagavdelling	Avdelingsleiar i avdeling for mobilitet og kollektiv	Utført
	Utarbeide den faglige delen av eigarskapsstrategien	Avdelingsleiar i avdeling for mobilitet og kollektiv	Utført
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS	Gjennomføre møter med Bybanen AS i samband med budsjettprosessen hausten 2019 for forankring av modell for budsjett for 2020.	Rolf Rosenlund	Utført
	Endeleg avklaring i samarbeid med administrasjonen i VLFK i samband med etablering av eigarstyringsmodell	Seksjonsleiar for Strateti og eigarstyring, i samarbeid med Bybanen AS	Utført
	Dokumentere rutinar i samband med etablering av nytt kvalitetsstyringsystem	Seksjonsleiar for strategi og eierstyring	Endring: utgår som eige punkt, ivaretakast gjennom punkt 5.
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort	Gjerast i samband med eigarskapsmeldinga	Avdeling for organisasjon og økonomi	Utført
4. Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort	Gjerast i samband med eigarskapsmeldinga	Avdeling for organisasjon og økonomi	Utført
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein	Inngå leveranse- og samhandlingsavtale mellom VLFK og kollektiveininga	Seksjonsleiar i seksjon for strategi og eigarstyring, i samarbeid med kollektiveininga	Utført

planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell	Inngå leveranse- og samhandlingsavtale mellom VLFK og Bybanen AS	Seksjonsleiar i seksjon for strategi og eigarstyring, i samarbeid med Bybanen AS	Under ferdigstilling
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane	Følgje opp at avtale mellom kollektiveininga og Bybanen AS blir utarbeida	Seksjonsleiar i seksjon for strategi og eigarstyring, i samarbeid med kollektiveininga og Bybanen AS	Gjerast etter ferdigstilling av punkt 5.
	Følgje opp at avtale mellom Bybanen AS og Bybanen utbygging blir utarbeida	Seksjonsleiar i seksjon for strategi og eigarstyring, i samarbeid med Bybanen AS og Bybanen utbygging	Utført
7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.	Utarbeide handlingsplan	Avdelingsleiar i avdeling for mobilitet og kollektiv	Utført (dette dokumentet)